

EKSEMPEL - ANLEGGSBIDRAGSAVTALE

mellom

Namn: Eid kommune Org.nr.:

og

Namn: Org.nr.:

1. BAKGRUNN

Utbygger skal bygge ut områdetsom er regulert i utbyggingsavtale datert.

Infrastruktur som skildra nedanfor i avtalen pkt. 2 skal i heilskap eigast og drivast av kommunen. På denne bakgrunnen er partane samde om at kommunen skal stå for utbygginga som byggherre for infrastrukturarbeida.

Denne avtalen supplerer utbyggingsavtalen. Ved eventuell motstrid mellom utbyggingsavtalen og denne avtalen, skal denne avtalen gå føre.

2. INFRASTRUKTUR

Utbygger skal på vegne av kommunen stå for vidare prosjektering og utbygging av den infrastrukturen som kommunen etter utbyggingsavtalen skal eige og drive, jf utbyggingsavtalen kapittel

Utbyggingsavtalen med vedlegg (kart med forklaring), gir ei nærare skildring av infrastrukturarbeida knytt til utbygging av område både med omsyn til omfang og tekniske krav som kommunen stiller som om reguleringsmynde.

3. KONTRAKTER MED ENTREPRENØRAR OG LEVERANDØRAR

Kommunen skal inngå kontrakter med entreprenørar og leverandørar som skal stå for utbygging av infrastrukturen som skildra i pkt. 2. Kommunen blir såleis byggherre for arbeida og utøver dei rettar og plikter som ligg til byggherrerolla.

Med sikte på inngåing av kontraktene som er nemnde over, skal utbygger på vegne av kommunen gjennomføre naudsynte konkurransar i tråd med regelverket for offentlege anskaffelser for kontrahering med entreprenørar og leverandørar. For øvrig skal utbygger ivareta dei pliktene som følger av pkt. 4 på vegne av byggherren.

4. UTBYGGAR SINE PLIKTER I SAMBAND MED UTBYGGINGA

Utbygger skal som ledd i plikten til å prosjektere og stå føre utbygginga av infrastrukturen ivareta følgjande plikter på vegne av byggherren:

- Syte for å ferdigstille nødvendig prosjektering,

- foreslå prosjektorganisering og entreprisenndeling, herunder kome med framlegg til aktuelle kontrakter for prosjekterande, entreprenørar og leverandørar,
- utarbeide tilbudsgrunnlag i samsvar med regelverket for offentlege anskaffelser
Dokumentasjon på anbudsprosedyre skal sendast byggherre
- syte for at byggherren sine plikter i forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge – og anleggsplasser vert sikra gjennom skriftlege avtalar og med nødvendige fullmakter
- legge fram anbudsvurderingar for kommunen som byggherre, med forslag til kontrakt
- etablere prosjektorganisasjon i samarbeid med kommunen
- ivareta all nødvendig kontakt med offentlege myndigheter, inkludert alle nødvendige søknader
- syte for administrativ oppfølging av samtlege aktørar under gjennomføring av arbeida
- utarbeide framdriftsplanar og koordinere entreprenørar og leverandørar på byggeplassen
- kalle saman og leie prosjekterings- og byggherremøte på vegne av kommunen som byggherre
- kontrollere utføring med omsyn til avtalte kvalitetar og spesifikasjonar
- varsle kommunen om eventuelle avvik
- krav på tilleggsvederlag eller fristforlenging skal leggest fram for kommunen før dette vert akseptert
- bistå kommunen i samband med oppgjør for alle arbeid, inkludert sluttoppgjør i forhold til entreprenørar
- bistå kommunen ved ferdigbefaring og overtakingforretning av infrastrukturen jf i pkt 2, og utbyggingsavtalen pkt.
- bistå kommunen i høve til leverandørar og oppfølging av reklamasjonar, jf utbyggingsavtalen pkt.....

5. ANLEGGSBIDRAG/ FAKTURERINGSRUTINAR

Avtale med entreprenør gjeld arbeid der kommunen har rett til å føre inngåande meirverdiavgift på kostnadene til fradrag eller kreve kompensasjon for meirverdiavgifta. Entreprenøren sender faktura til kommunen i samsvar med avtalt betalingsplan.

Faktura må differensiere mellom utgifter til:

- Vatn
- Avløp
- Veg
- Anna (friområde, leikeplassutstyr og liknande)

Faktura skal attesterast av utbygger sin prosjektleiar og merkast med namn på kommunen sin prosjektleiar.

Kommunen vil så fakturere utbygger med tilsvarande beløp (anleggsbidrag) eksklusive meirverdiavgift, men med et påslag som skal dekke kommunen sine kostnader ved å administrere ordninga.

- Entreprenørkontrakt x mill. Påslag X %

6. GARANTI

Utbygger si plikt til å stille garanti jf utbyggingsavtalen pkt..... fell ikkje bort ved inngåing av denne avtale. Garantibeløpet skal dekke 100% av kostnader i samband med inngåtte kontrakter.

7. HEVING AV KONTRAKT

Begge partar har rett til å heve kontrakten dersom det ligg føre vesentleg misleghald, og den andre parten skriftleg har fått ein rimeleg frist til å rette tilhøvet.

Utbygger pliktar deretter å ferdigstille infrastrukturen i samsvar med utbyggingsavtalen, og har i denne samanhengen rett til å tre inn i kommunen sine avtalar med prosjekterande, entreprenørar og eventuelle leverandørar.

8. OVERDRAGING

Ingen av partane kan overdra rettar og plikter etter denne avtalen utan skriftleg samtykke frå den andre parten, med unntak av den rett som følgje av pkt. 7 andre ledd over.

9. TINGLYSNING

Denne avtalen kan tinglysast som hefte på eiendommen, saman med utbyggingsavtalen.

10. TVISTAR

Tvister som måtte oppstå etter denne avtalen skal løysast i samsvar med vilkåra i utbyggingsavtalen pkt..... Alternativt vert tvisten løyst ved dei ordinære domstolane

11. UNDERSKRIFTER

Denne avtalen ligg føre i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

4 OMFANG AV JUSTERINGSRETTE

Mottakar skal årleg kreve justert 1/10 av inngåande meirverdiavgift som overdragar har betalt ved opparbeiding av infrastrukturiltaket ("justeringsbeløpet").

Mottakar skal ta med det årlege Justeringsbeløpet i kompensasjonsoppgåva for 6. termin for vedkomande år.

5 DELVIS TILBAKEFØRING AV JUSTERINGSBELØP

Mottaker utbetaler justeringsbeløpet for det enkelte år, etter administrasjonsfradrag xx % til utbyggingselskapet, seinest 10 dagar etter meirverdiavgiftsoppgjeret for den aktuelle terminen.

Overdragar skal kvart år i justeringsperioden fremje eit krav om andel av justeringsbeløpet, med tilvisning til denne avtalen. Kravet skal sendast i november i justeringsåret.

Andel av justeringsbeløpet skal utbetalast til overdragar innan 15. mars komande år etter justeringsåret, eventuelt så snart som mulig og seinest innan 10 dagar etter at beløpet er motteke frå Staten.

Overdragaren sitt krav om tilbakeføring av det årlege justeringsbeløpet er avhengig av at mottakar har fått det utbetalt frå staten.

6 DIVERSE

Opplysningane som er nemnde i punkt 3 skal vere stadfesta av overdragaren sin revisor.

Overdragar er ansvarleg for alle kostnader knytt til inngåing av avtalen.

Mottaker er ikkje ansvarleg for økonomisk tap som overdragar måtte lide som følge av at lovendringar hindrar gjennomføring av avtalen.

Med mindre kravet skyldast tilhøve hos mottaker, pliktar overdragar å halde mottakar skadeslaus, dersom mottakar må tilbakebetale kompensert eller frådragsført inngåande meirverdiavgift med renter og eventuell tilleggsavgift. Overdragaren sitt ansvar avgrensar seg til andel av Justeringsbeløpet som er overført til overdragar jf. avtales punkt 5, herunder renter og eventuell tilleggsavgift knytt til overført andel av Justeringsbeløpet.

7 TVISTAR

Tvistar som måtte oppstå etter denne avtalen skal løysast i samsvar med vilkåra i utbyggingsavtalen pkt..... Alternativt vert tvisten løyst ved dei ordinære domstolane

11. UNDERSKRIFTER

Denne avtalen ligg føre i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.